

- Som bønder i Hareid er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa. Det er meningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Hareid.

- Veit du dette om landbruket i Hareid:

I 2019 var det **20 gardsbruk i drift** i Hareid (60 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 159 dekar** (93 dekar i år 2000).

Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.

Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Hareid har **6 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 1 mjølkebruk. Det er 9 sauebruk og 2 bruk med høner i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling og sal av gardsmat.

Kommunane Hareid, Ulstein og Herøy har **felles landbruksforvaltning i Søre Sunnmøre Landbrukskontor**.

Det er dei siste åra bygd nye fjøs.

Samla er **husdyrhaldet i Hareid ein buskap** på 60 mjølkekyr, 250 ammekyr/andre storfe, 22.700 høner og 650 sau og lam.

Det vert dyrka vel **3.200 dekar jordbruksareal** (5.500 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite.

Vidare er det ca **16.000 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre.

Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Hareid hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 13,1 millionar kroner** i året.

Av dette hadde mjølkebruka inkl. kjøttproduksjon 37 prosent av omsetnaden, sauehaldet 14 prosent og eggproduksjon 48 prosent.

Landbruket i Hareid skaper i tillegg verdiar frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar, brøyting av vegar og i skogen, og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **590.000 millionar liter kumjøl** frå **1 mjølkebruk** (15 mjølkebruk og 1,1 mill. liter i år 2000). Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjøl, ost og andre meieriprodukt til vel 2.000 personar.

I 2019 vart det produsert vel **71.000 kg kjøtt** i Hareid, av dette vel 66.000 kilo storfekjøtt og 5.000 kilo sauekjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til vel 1.000 personar, eller mange av befolkninga i kommunen.

Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon

Bøndene i Hareid er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

Landbruksnæringa si hovudoppgåve er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

Norge har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitik. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnader er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

Bonden og landbruksnæringa i Hareid gir Mat, Miljø og levande Bygder



- Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020



Landbruket i Hareid

- * 20 bruk i drift, av desse 6 med storfekjøt
- * 1 mjølkebruk og 9 sauebruk
- * Kultur- og kystlandskap av verdsformat
- * Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



 VESTRE SUNNMØRE
BONDELAG

(Vestre Sunnmøre Bondelag dekker kommunane Hareid, Ulstein og Herøy).